



Direktoratet for **naturforvaltning**

Frå hav til himmel

# Allemannsretten





**E**in viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gamalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjergarden – og til fjells, uavhengig av kven som eig grunnen. Vi kan hauste av naturen – ikkje berre saltvassfisk, bær, sopp og blomster – men også inntrykk og opplevingar. Hovudprinsippa i allemannsretten er lovfesta i friluftslova frå 1957.

**Innhald:**

s.5 Fjellsko eller ski, s. 7 Sykkel, s.9 Hest, s.11 Telt, s.13 Årar og segl, s.15 Stong eller handsnøre, s.17 Spann og korg, s. 18 Felles info.



## Med fjellsko eller ski...



...kan du ferdast fritt i utmark, sommar som vinter, anten det er på stig/veg, i oppkørde skiløyper eller du går dine egne vegar. Om vinteren kan du også ferdast på frosen eller snødekt åker og eng.

Du kan stoppe og raste der du ønskjer i utmark, men legg ikkje rasten inntil hus og hytte der det bur folk, og vis nødvendig omsyn til andre som rastar.

Du kan også tenne opp bål når du er på tur, men ikkje i eller i nærleiken av skogsmark i tida 15.4. til 15.9. Ikkje skad tre når du skal finne ved til bålet, bruk tørre kvistar. Dersom du lagar bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp.

### Ferdast og rastar du i utmark, hugs:

- at du ikkje tek snarveggar over innmark, gjennom tun eller andre private tomter
- å respektere ferdselsreglar i friluft- og naturvernområde av omsyn til slitasje og sårbare område for dyr og planter
- at du ikkje uroar dyre- og fugleliv, spesielt ikkje i yngle- og hekketida
- at du ikkje skadar planteliv, særleg ikkje sårbare artar
- å nytte etablerte raste- og bålplassar, og vere ekstra varsam med eld
- å respektere andre brukarar sine behov for avstand og å ha det stilt rundt seg
- at du ikkje set opp telt inntil hus eller hytte der det bur folk (minst 150 m avstand)
- at du ikkje uroar husdyr på beite
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde rasteplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal ligge att!



## Med sykkel...



...kan du sykle etter vegar og stigar i låglandet og fritt i høgjellet. Du kan også sykle på stigar og vegar gjennom innmark når desse er opne for allmenn ferdsel. Hugs at vegen, stigen eller terrenget du sykklar i skal kunne tole slik bruk. Marka-område, friluftsområde og naturvernområde kan ha særskilde reglar for sykling (t.d. forbod), og du bør orientere deg om det finst spesielt tilrettelagde sykkelruter og sykkelkart for området.

### **Sykklar du i utmark, hugs:**

- at høgjellsnaturen er utsett for terrengslitasje og at du ikkje sykklar i sårbart terreng (myr, tørrberg m.m.)
- at alle stigar ikkje er eigna for sykling – bruk stigane som toler sykling
- at du legg sykkelturen til dei minst nytta turstigane for å unngå konfliktar med turfolket
- å sykle slik at du ikkje uroar vilt og husdyr
- å sykle med ein fart som er tilpassa turferdsel og ikkje uroar dei som går
- å bruke etablerte raste- og bålplassar og vere ekstra varsam med bruk av eld
- at du ikkje set opp telt inntil hus eller hytte der det bur folk (minst 150 m avstand)
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde raste- eller teltplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal ligge att!



## Med hest...



...kan du ferdast etter vegar og stigar i låglandet og fritt i høgjellet. Du kan også ri på stigar og vegar gjennom innmark når desse er opne for allmenn ferdsel. Hugs at vegene, stigen eller terrenget du rir i skal kunne tole slik bruk. Markaområde, friluftsområde og naturvernområde kan ha særskilde reglar for riding (t.d. forbod), og du bør orientere deg om det finst spesielt tilrettelagde ridestigar og -vegar i området. Omfattande organisert bruk av utmark i samanheng med rideskular o.l. bør berre skje etter avtale med grunneigar. Merk deg også at grunneigar kan nekte ferdsel med hestkøyrety.

### Rir du i utmark, hugs:

- at høgjellsnaturen er utsett for terrengslitasje og at du ikkje rir i sårbart terreng (myr, tørrberg m.m.)
- at heller ikkje alle stigar er eigna for riding. Bruk vegane og dei stigane som toler riding
- å ri i skritt når du skal passere turgåarar
- å unngå å ri i skiløyper og løypespor på skogsvegar om vinteren - trakk eigne spor
- å vere høfleg og ta omsyn til gåande og syklende trafikk, slik at ingen blir skremt eller skada
- at du ikkje uroar dyre- og fugleliv, spesielt ikkje i yngle- og hekketida
- at du ikkje badar hesten på badeplassar og i drikkevasskjelder
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde rasteplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal ligge att!



## Med telt...



...kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. På høgfjellet og langt frå busette område kan du telte lenger enn 2 døgn. Du skal aldri setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk, og pass på at du set opp teltet slik at det ikkje skadar ungsbogen. Hugs at på innmark kan du ikkje setje opp telt utan løyve frå grunneigar.

Du kan også tenne opp bål når du er på tur, men ikkje i eller i nærleiken av skogsmark i tida 15.4. til 15.9. Ikkje skad tre når du skal finne ved til bålet, bruk tørre kvistar. Dersom du lagar bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp.

### **Set du opp telt i utmark, hugs:**

- å ta omsyn til ferdsels- og teltreglar i friluft- og naturvernområde av omsyn til slitasje og sårbare område for dyr og planter
- å nytte etablerte raste- og teltplassar
- å leggje teltplassen slik at du ikkje uroar dyre- og fugleliv, særleg i yngle- og hekketida
- at du ikkje lagar varige spor i vegetasjonen eller terrenget
- å respektere andre brukarar sine behov for avstand til nabotelt og å ha det stillt rundt seg
- å nytte etablerte bålplassar og vere ekstra varsam med bruk av eld
- at du ikkje uroar husdyr på beite
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde teltplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal liggje att!



## Med årar og segl...



...kan du ferdast fritt på sjøen, og på elvar - og du kan i hovudsak ferdast gratis etter alle vassdrag. For enkelte vassdrag med kanalar og sluser kan det vere unntak. Generelt kan du også ferdast med motorbåt på sjøen, på elvestrekningar (dersom det er del av farbart vassdrag) og i vatn større enn 2 kvadratkilometer. Men merk deg at det kan finnast lokale reglar som kan avgrense tilgangen til motorisert ferdsel i innsjøar og vassdrag.

For kortare tid kan du dra i land båt eller anna farty på strandstrekningar som er del av utmark på land. Ønskjer du å leggje inn til privat kai eller brygge, må du spørje eigar eller brukar om løyve. Du kan nytte forøytingsringar, boltar o.l. i utmark for kortare tid så sant det ikkje er til vesentleg ulempe for eigar eller brukar.

### **Padlar du i utmark, hugs:**

- å gjere deg godt kjend med vassdraget før du legg ut på tur m.o.t. tryggleik og regelverk
- å alltid bruke redningsvest
- å tørke eller desinfisere båt, åre og støvlar før du flyttar til eit anna vassdrag for å unngå spreiding av sjukdom
- å ta omsyn til fiskarar og andre brukarar langs vatn og vassdrag
- å la fiskegarn og anna fangstreiskap som vert nytta til fiske få stå i fred
- å ferdast roleg utan å lage unødig støy
- at du ikkje uroar dyre- og fugleliv, spesielt ikkje i yngle- og hekketida
- å bruke etablerte raste- og bålpassar, og vere ekstra varsam med bruk av eld
- at du ikkje set opp telt i nærleiken av hus og hytte der det bur folk (minst 150 m avstand)
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde raste- og teltplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal liggje att!



## Med stong eller handsnøre...

...kan du fiske heile året etter saltvassfisk i sjøen – både frå båt og land. I sjøen kan du også fiske gratis etter laks, sjøaure og sjørøye med stong frå land heile året. Fisket er ikkje tillate nærare grensa elv / sjø enn 100 meter i fredningstida for vassdraget. Ved fiske i elvar og vassdrag må du løyse fiskaravgift (til staten) om du fiskar etter laks, sjøaure og sjørøye og vanlegvis betale fiskekort (til grunneigar). Er du under 16 år, kan du fiske gratis etter innlandsfisk i perioden 1.1. til 20.8. Dette gjeld ikkje vassdrag med laks, sjøaure eller sjørøye, heller ikkje krepsfangst eller fiske i kunstige fiskedammar. Enkelte vatn og vassdrag kan vere unnatekne regelen, og for desse skal det vere sett opp skilt om at gratis fiske ikkje gjeld. Før du byrjar å fiske må du setje deg inn i fiskereglane.

### **Fiskar du i utmark, hugs:**

- løyve til å fiske, eller legitimasjon på at du er under 16 år
- at du ikkje brukar levande fisk som agn
- at du ikkje flyttar levande fisk til anna vassdrag
- å tørke fiskereiskap, støvlar og vadarar før du flyttar til eit anna vatn for å unngå spreing av levande organismar og sjukdom
- at fiskereiskap, båt, årar og støvlar brukt i vassdrag med smittsam fiskesjukdom skal desinfiserast
- å sløye og vaske fisken i det vatnet den er fanga
- å nytte etablerte rasteplassar/bålplassar og respektere bålreglar
- at du ikkje uroar andre fiskarar eller brukarar
- å respektere nærings- og brukarinteresser, m.a. ved ferdsel til og frå fiskestad

Ver nøye med å rydde fiske- og rasteplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal ligge att.

Unngå spreing av fiskeartar og fiskesjukdomar!





## Med spann og korg...

...kan du plukke bær, sopp, blomster og røtter av ville urter i utmark. Du kan plukke/sanke det du vil ha og ta med heim. Ver merksam på spesielle reglar for å plukke molter i Nordland, Troms og Finnmark. I desse fylka kan grunneigaren ha eineretten til moltebæra dersom bæra har økonomisk verdi for han. På statens grunn i Finnmark er retten til å plukke molter som hovudregel lagt til folk busette i fylket. Men det er fritt for alle å plukke molter til å ete der og då.

Du skal vere varsam med å samle andre typar naturprodukt – som m.a. stein, mineral, torv, mose, lav, kristtorn, rirkuler, tæger, never og bark. Ønsker du å ta med slike naturprodukt, må du først skaffe deg løyve frå grunneigar.

### **Er du på sanketur i utmark, hugs:**

- at ferdast du innafør naturvernområde bør du gjere deg kjend med vernereglane på førehand. Enkelte område kan ha forbod mot å plukke blomster, sopp, kjuke og lav
- å gjere deg kjend med freda og truga planteartar slik at du ikkje plukkar desse – er du usikker, la planta stå i fred
- at du ikkje tek røtter, never og rirkuler frå levande tre utan først å spørje grunneigar
- at du ikkje uroar vilt eller husdyr
- å ikkje plukke bær like inntil gardstun og hus der det bur folk
- å ta omsyn til andre brukarar/sankarar
- å respektere nærings- og brukarinteresser

Ver nøye med å rydde rasteplassen når du dreg. Avfall tek du med, ingenting skal ligge att!



### Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du:

- ferdast fritt til fots og på ski
- raste og overnatte
- ri eller sykle på stigar og vegar
- bade, padle, ro og bruke seglbåt
- plukke bær, sopp og blomster
- fiske fritt etter saltvassfisk


Ønskjer du derimot å fiske i ferskvann, må du skaffe deg nødvendig løyve frå grunneigar. Er du under 16 år, kan du fiske gratis mellom 1.1. og 20.8. kvart år i vassdrag med innlandsfisk, men ikkje i vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye. Jakt er ein grunneigarrett som krev grunneigars løyve, i tillegg jegerprøve, og at du løyser jegeravgiftkort.

**Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

**Innmark** er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal. Over visse typar innmark som åker og eng kan du likevel ferdast på frosen eller snødekt mark i tida 15.10. - 30.4. Ver merksam på at innmark ikkje treng å vere inngjerda.

Du skal alltid, anten du ferdast gjennom innmark eller i utmark, lukke grunder etter deg og vise omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.4. - 20.8. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i eller i nærleiken av skogsmark i tida 15.4. til 15.9., jf forskrift av 26.juni 2002 nr 842, § 8 – 2 om brannforebyggjende tiltak og tilsyn. Gjer deg kjend med dei lokale reglane om bandtvang og bålbreining, ofte er dei strengare enn reglane som gjeld for heile landet.

For mer informasjon: [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no) [www.frifo.no](http://www.frifo.no)





Direktoratet for  
**naturforvaltning**

7485 Trondheim Telefon: 73 58 05 00, Telefax: 73 58 05 01, [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)